

- * Formannen har ordet
- * Solenergidagane 2000
- * Bok om solenergi m.m.

- * Renewable Energy World
- * Rykta seier at....

Solgløtt

Nyhetsbrev fra
Norsk solenergiforening
Årg. 1 Nr. 2 August 1999

Formannen har ordet:

For det fyrste vil eg ynskje vår nyttilsette Generalsekretær, Rolf Jarle Aaberg, hjarteleg velkommen i solenergimiljøet. Med denne tilsettinga har vi fått eit heilt anna grunnlag for å vere meir på banen når det vert drøfta energispørsmål. Og for tida er det verkeleg mykje som skjer på den fronten. Den eine utgreiinga etter den andre vert lagt fram og alle skal legge grunnlaget for energipolitikken etter år 2000. Vi skal vere med å gje solenergien sin plass i dette biletet.

Vi har to hovudsaker som vi arbeider med for tida. Den eine er å utarbeide ein strategi for utnytting av solvarme i Noreg. Denne rapporten skal vere ferdig i løpet av hausten.

Den andre store aktiviteten er ISREE2000, som de får brosjyre om i dette nummeret av Solgløtt. (Sjå også <http://www.dalen.vgs.no/isree2000/> red. anm.) Dette vil bli den største hendinga vi har hatt om solenergi i Noreg. Konferansen har som fokus undervisning, men vi skal nytte høvet til å presentere all aktivitet rundt nye fornybare energikjelder i Noreg. For å få til det er vi avhengig av at alle "viser" seg fram i juni neste år.

Som organisasjon har vi blitt kritisert for å vore for lite opptatt av problema til næringslivet. Med den aktiviteten vi nå legg opp til trur vi at det skal endre seg. Men for å få det til må vi ha alle mann på banen. Så sett alt nå av 15.-18. juni til samlings i Oslo. Skal vi bli synlege må vi få fram mangfaldet og få storleik på arrangementet. Som de ser av brosjyren har vi mange gode støttespelarar, så nå gjeld det å nytte høvet.

Med solrik helsing, Karl Torstein Hetland, formann.

Solenergidagane 28. – 29. februar 2000

Den 28. og 29. februar 2000 arrangerer Norsk solenergiforening seminar i Oslo med tittelen Solenergidagane 2000. Dette blir ei brei mønstring av solenergirelaterte aktivitetar

i Noreg. Vi håper å kunne dekkje det meste av det som foregår innan undervisning og forskning, produktutvikling, sal og distribusjon. Sjølvom det norske solenergimiljøet ikkje er spesielt stort, har fleire uttrykt ønskje om å møte andre aktørar innan sine felt. Vi vonar at dette skal bli ei samling der både medlemmar og andre kan bli betre kjent med spekteret av aktivitetar innan solenergi her i landet.

Programmet er ikkje fastlagt, men vil innehalde foredrag om det som foregår innan aktiv- og passiv solvarme, solcelleutvikling og andre teknologiske aspekt. På denne tida vil strategirapporten om fremme av solenergi som Foreninga arbeider med vere ferdig. Det vil vere naturleg å presentere rapporten, og diskutere det vidare arbeidet med strategiar for å promotere bruk av solenergi i Noreg. Vi tek også sikte på å få til ein ekskursjon til eit eller fleire solenergianlegg som er i drift.

Årsmøtet i Norsk solenergiforening vil bli lagt til desse dagane.

Meir informasjon om programmet kjem seinare, men sett av desse dagane allereie no.

(RJA)

Bøker om solenergi

Lars André har skrive to bøker om solenergi, ei bok om solvarme for privatpersonar og ei solenergibok for fagfolk (arkitektar, VVS-konsulentar m.fl.). Bøkene har selt veldig bra i Sverige og burde vere av interesse for norske forhold også. Bøkene er presentert på <http://www.drivkraft.nu>

Informasjonskanalen WIRE

WIRE er International Solar Energy Society, ISES, sin interaktive informasjonskanal om fornybar energi. Her kan du finne nytt om teknologiutvikling, energipolitikk, statistikk, organisasjonsoversikter med mye mer. Dette er en avansert database som vil være under kontinuerlig oppbygging og

utvikling etter som brukerne bidrar med informasjon. Enhver som har informasjon innen fornybar energi er velkommen til å bidra til at tjenesten kontinuerlig blir fyldigere og bedre. Slå opp på <http://wire.ises.org/>.

RETScreen™ analyseverktøy for fornybar energi

Sidan i fjor vår har kanadiske styresmakter gjennom CANMET Energy Diversification Research Laboratory (CEDRL) tilbydt eit verktøy for analyse av energiutbytte og økonomi ved prosjektering av fornybar energi-anlegg. Frå midten av august i år vil dei nye modulane for passiv solvarme og soloppvarming av varmt vatn vere klare. Medan modellar for mini- og mikrovasskraft, vindkraft, bioenergi, fotovoltaisk el-produksjon og luftbåren solvarme allereie har vore tilgjengelege i lengre tid.

Analyseverktøyet er basert på rekneark i Microsoft Excel for Windows, versjon 5.0 eller høgare, og er ikkje tilgjengeleg for andre operativsystem enno. For fullt utbytte av programmet vil ein trenge relativt detaljerte meteorologiske, tekniske og økonomiske data, men reknearka er sjølvforklarande og enkle i bruk. RETScreen™ kan derfor eigne seg til alt frå undervisning og demonstrasjonar til meir avanserte analysar.

Vi har ikkje testa alle modulane eller dei teoretiske modellane, men førsteinntrykket er positivt. Programmet er gratis og kan lastast ned frå: <http://retscreen.gc.ca>

Renewable Energy World

Som omtalt i førre nummeret av Solgløtt har vi tinga magasinet *Renewable Energy World* til alle medlemmane i Norsk solenergiforening. Den siste tilbakemeldinga vi fekk frå James & James Ltd tyder på at alt går i orden slik at medlemmane får sitt første nummer av *Renewable Energy World* i løpet av september/oktober. Magasinet *Renewable Energy World* er relativt nytt og har kome ut med fire nummer sidan november 1998. Bladet er i stor grad finansiert av annonseinntekter. Meir informasjon om magasinet kan du finne på <http://www.jxj.com/rew/index.html>.

Forlaget James & James Ltd. har og ein omfattande database over leverandørar av energiteknologi med fokus på fornybar energi. "The World Directory of Renewable Energy Suppliers and Services" inneheld informasjon om overveldande mange organisasjonar i eit breitt spekter av bransjar, men er relativt lett å søkje i. Mange norske institusjonar og selskap er også lista opp, men så vidt vi kan sjå er ikkje alle norske aktørar innan

solenergifeltet med. Står din organisasjon oppført? Du kan sjå etter på <http://www.jxj.com/dir/wdress/index.html>.

Ryktet sier at.....

Dette nyhetsbrevet blir sendt ut til medlemmene i Norsk solenergiforening og andre interesserte ca. en gang i måneden. Her bringer vi relevante stoff frå inn og utland, nyhetsklipp og informasjon om saker som foreninga arbeider med.

Vi ønsker at leserne tar kontakt angående arbeidet i foreninga, men det er like viktig å bringe vidare store og små nyheter omkring våre medlemmers arbeid. Det kan være nye prosjekter, nye produkt, samarbeid med andre organisasjonar og så vidare. Dette forutsetter selvsagt at du som medlem melder fra om det du er engasjert i. Til gjengjeld gir det gratis publisitet innen solenergimiljøet i Norge!

Neste gang får vi en presentasjon av Sun Cook A.S. i Sauda.

Kontakt Norsk solenergiforening

Generalsekretæren i Norsk solenergiforening har kontor plass både i Trondheim og Oslo. Adressen nedenfor er til Oslo-kontoret som bare er bemannet på deltid. Får å treffe generalsekretæren kan det være mest hensiktsmessig å sende en e-post melding eller ringe alfa-nummeret som er gyldig begge steder.

Norsk solenergiforening har for tiden ingen oppdatert hjemmeside på Internett. Vi arbeider med dette og vil etter planen ha nye sider klare i løpet av høsten. Solgløtt vil etter hvert bli tilgjengelig på hjemmesidene våre.

Returadresse

Norsk solenergiforening,
c/o Oslo Energi ENØK
Postboks 2481 Solli, 0202 Oslo
Tel.: 88 02 44 66
E-post: rja@chembio.ntnu.no

